



Flåtten er ein plage også i Uskedalen. Anne Kjersti Lunde på Haugland skriv på flåttkartet i bt.no at ein flått sugde seg fast på låret sjølv om ho hadde tilbragt dagen berre i eigen hage.

Det er også fleire meldingar på flåttkartet frå andre stader i Kvinnherad.

Lars Børge Seberg i Omvikdalen skriv at flåtten i dei seinare åra har vorte meir og meir vanleg også på innmark og i hager.

På Ånuglo er flåtten å finna over heile øya og på Utåker kryr det av flått. Den kjem inn på kroppen sjølv om dei går med tildekka regnkledde og støvlar.

Ein på Utåker som skriv har blitt smitta av borelia, men fekk antibiotika.

For 30 år sidan var det ikkje flått på Utåker, skriv ei som bur på Utåker.

Ein 10 minutters tur til Ytstøytopen resulterte i 15 flått på leggane, opplyser ein annan.

Av Ola Matti Mathisen